

BOKN KOMMUNE

Kommunestyret

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 31.03.2020

Møtetid: Kl. 19:00 - 21:00

Møtestad: Allrommet - 2. etg., Boknatun

Saksnr.:

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Anne Svanberg Løvereide Faye	AP
Kyrre Lindanger	AP
Lillian Grønnestad	AP
Rakel Jansen Alvestad	AP
Rannveig F. Øvrebø	AP
June Susanne Grønnestad	H
Kjell Inge Dirdal	H
Lene Ognøy Foss	H
Svein Ove Alvestad	H
Sigmund Alvestad	KRF
Amalie Våga	SP
Bjarne Nedrebø	SP
Egil Magne Våge	SP
Emilie Moi Eikje	SP
Erik Nilssen	SP
Osmund Våga	SP
Torfinn Mandius Alvestad	SP

Møteleiar:	Osmund Våga
Frå adm. møtte:	Jan Erik Nygaard og politisk sekretariat
Utlevert i møtet:	
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	Rannveig Foss Øvrebø og Lene Ognøy Foss blei vald til å underskrive protokollen frå møte.

Underskrifter:

Rannveig F. Øvrebø

Saksnr.

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
008/20	Godkjenning av innkalling
009/20	Godkjenning av møteprotokoll
010/20	Bokn musikk- og kulturskule ,ein del av nye Bokn skule
011/20	Reglement for Bokn kommunestyre og folkevalde utval
012/20	Utnemning av styremedlem til Friluftsrådet Vest frå Bokn kommune.
013/20	Samarbeidsavtale om tekniske tenester mellom Karmøy kommune og Bokn kommune
014/20	Tegning av aksjer i Haukelivegen AS.
015/20	Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding for 2019
016/20	Samlesak for referatsaker
	001/20
	Protokoll - Bokn kontroll- og kvalitetsutvalg 12.02.20
	002/20
	Kontrollrapport 2019 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen for Bokn kommune
	Forespurd orientering,FO- 001/20
	Orientering om drifta for sektor oppvekst og kultur i samband med stengte skular og barnehagar.
017/20	Sommarjobb for ungdom 2020 – saka tatt opp i møte.

008/20 Godkjenning av innkalling

31.03.2020 Kommunestyret

Behandling:

KS - 008/20 Vedtak:

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

009/20 Godkjenning av møteprotokoll

31.03.2020 Kommunestyret

Behandling:

KS - 009/20 Vedtak:

Møteboka vart godkjent samrøystes.

010/20 Bokn musikk- og kulturskule ,ein del av nye Bokn skule

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bokn kommunestyret vedtek at budsjettramma for ny skule vert auka med 3 millionar kroner slik at ein kan foretsetje arbeidet ut frå framdriftsplanen med bygging av ny skule, og at delar av skulebygget kan være tilrettelagt som kulturbygg slik det no foreligg i skissa som er utarbeida. Auken i budsjettramma vert dekkja gjennom å søke Rogaland Fylkeskommune om tilskot til kommunale kulturbygg som har søknadsfrist 1.mai 2020.

2. Dersom søknad om tilskot ikkje vert innviga må kostnadsauken finansierast gjennom bruk av disposisjonsfond eller kapitalfond. Dette vil ein komme tilbake til når ein har motteke svar frå Rogaland Fylkeskommune.

31.03.2020 Kommunestyret

Behandling:

KS - 010/20 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak blei vedtatt med 12 mot 5 røyster (4 frå H og 1 frå KrF).

011/20 Reglement for Bokn kommunestyre og folkevalde utval

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bokn kommunestyret vedtek vedlagte reglement datert 11. februar 2020 for kommunestyret og folkevalde utval.
2. Reglementet gjeld frå den dato som kommunestyret vedtek reglementet.

31.03.2020 Kommunestyret

Behandling:

KS - 011/20 Vedtak:

Saka blir sendt tilbake til rådmann med forslag til fylgjande endringar:

- Reglementet endrer namn til "Reglement for Bokn kommunestyre, Formannskap og andre utval"
- Kontroll- og kvalitetsutvalet sitt reglement blir innlemma
- Møtereclar for korleis representantar oppfører seg ved innlegg i møter tas inn

012/20 Utnemning av styremedlem til Friluftsrådet Vest frå Bokn kommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

<skriv her>

31.03.2020 Kommunestyret

Behandling:

Forslag frå Ap v/ Kyrre Lindanger:

Tidligere vald representant Rannveig Foss Øvrebø (Ap) blir erstatta av Rakel Jansen Alvestad (Ap) som blir vald som ny representant og forslag til styremedlem i Friluftsrådet Vest.

Forslag frå SP v/Emilie Moi Eikje:

Erik Nilsen blir forslått som ny vara for Rakel Jansen Alvestad.

KS - 012/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtok samrøystes føreslåtte endringar frå Ap og Sp.

Rakel Jansen Alvestad blei vald som representant til Friluftsrådet Vest og som forslag til styremedlem frå Bokn til styret i Friluftsrådet Vest.

Erik Nilsen blei vald som ny vara for Rakel Jansen Alvestad inn mot Friluftsrådet Vest for kommande periode.

013/20 Samarbeidsavtale om tekniske tenester mellom Karmøy kommune og Bokn kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Samarbeidsavtale dagsett 14.06.2019 om tekniske tenester mellom Karmøy kommune og Bokn kommune vert godkjent.
2. Med heimel i § 28 i kommunelova vert det delegert mynde til rådmannen i Karmøy kommune for å ta avgjerd i alle saker og ivareta alle plikter og gjeremål i dei område som er omfatta av avtalen, som ikkje pålagt kommunestyret sjølv.
3. Det vert godkjent at Karmøy sine kommunaltekniske normer (VA-norm og norm for vegutforming samt vegleiar for søknader om teknisk godkjenning av tekniske planar) samt standard abonnementsvilkår for vatn- og avlaup, vert lagt til grunn ved sakshandsaminga. Det same gjeld skjema for røyrlaggjarmeldingar.

31.03.2020 Kommunestyret

Behandling:

KS - 013/20 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak blei samrøystes vedtatt.

014/20 Tegning av aksjer i Haukelivegen AS.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommunestyre vedtek å teikne 10 aksjar à kr. 1.000,- i Haukelivegen as. I tillegg vedtek kommunestyret å betale eit årleg bidrag til drifta basert på ein fast del på kr. 17.325,- og ein variabel del som er innbyggjaravhengig. Til saman gir dette eit årleg bidrag på om lag kr. 18.000,-. Aksjekjøpet kr. 10.000,- og bidrag for 2020 på kr. 18.000,-, til saman kr. 28.000,- vert finansiert gjennom bruk av disposisjonsfond. For seinare år dekkes det årleg bidraget gjennom ordinært budsjettet.

31.03.2020 Kommunestyret

Behandling:

KS - 014/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtok samrøystes rådmannen si innstilling.

015/20 Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding for 2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommunestyre tek Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding for 2019 til orientering

31.03.2020 Kommunestyret

Behandling:

KS - 015/20 Vedtak:

Kommunestyret tok årsmeldinga 2019 frå Kontroll- og kvalitetsutvalet til orientering.

016/20 Samlesak for referatsaker

31.03.2020 Kommunestyret

Behandling:

KS - 016/20 Vedtak:

Referatsaker blir tatt til orientering.

001/20 Protokoll - Bokn kontroll- og kvalitetsutvalg 12.02.20

31.03.2020 Kommunestyret

Behandling:

KS - 001/20 Vedtak:

002/20 Kontrollrapport 2019 vedrørende skatteoppkreverfunksjonen for Bokn kommune

31.03.2020 Kommunestyret

Behandling:

KS - 002/20 Vedtak:

001/20 Orientering om drifta for sektor oppvekst og kultur i samband med stengte skular og barnehagar.

31.03.2020 Kommunestyret

Behandling:

KS - 001/20 Vedtak:

Kommunestyret tok saka til orientering.

017/20 Sommarjobb for ungdom 2020 – tatt opp i møte.

Forslag frå Høyre v/ Svein Ove Alvestad : Sak om "sommarjobb for ungdom 2020" blir delegert til Formannskapet å tildele midler når rekneskapet 2019 er ferdig. Forslag frå KrF v/ Sigmund Alvestad om å auke kulturmidlane for 2020.

31.03.2020 Kommunestyret

Behandling:

KS - 017/20 Vedtak:

Kommunestyret vedtok samrøystes å delegere til Formannskapet følgjande:

- bevilga midlar frå overskudd på rekneskapen 2019 til sommarjobb 2020 for ungdommen i Bokn som tidligare års ordning og,
- sjå på moglegheit for eventuelt å auke kulturmidlane til ideelle organisjonar allereie for 2020.